

TEMA: Kremmerleier ①105,
KART: ④440

Engesund



Færøysund.

FÆRØYSUND

Den gamle handelsstaden ligg ved sundet mellom Stord og Færøy i Langenuen. Her var det landhandel og dampskipsekspedisjon fram til 1964. Då vart handelen flytta over til den nye ferjestaden i Sandvikvåg.

På 1600-talet var det både gjestgjevarstad og handelsstad her, men han kunne ikkje tevla med Bekkjarvik, Engesund og Brandasund, som låg nær dei rike fiskefelta. Difor var det vanskeleg å klara seg her, og busitjarane flytta ofte. I 1700-åra og tidleg på 1800-talet ser det ikkje ut til at det vart drive handel her, for det er i denne tida berre tinglyst kongeleg privilegiebrev for gjestgjevarverksemda. Då handelen vart frigjeven i 1842, blomstra FÆRØYSUND opp, og her vart det både dampshipsstoppestad og postopneri.

Den empire-prega hovudbygningen, med fine louis-seize-detaljar innvendig på listverk og dører, skal vera flytta hit i 1858 frå Litle-Bergen eller Fana. Det står også eit sjøhus, ei krambu og ei løe på bruket, medan bakeriet og bondestova er rivne. Hovudhuset på den tidlegare gjestgjevarstaden er restaurert og har opna dørene for nye gjester, med gode overnattingsrom i 'gamlauset' og i krambua – og ein færing til fiske på fjorden.

I over 350 år har det vore gjestgjevarstad og handelsstad på ENGESUND i Fitjarøyane. Plassen ligg midt i leia, med ei lun bamn att-med den vêrharde Selbjørnsfjorden. Engesund var eingong ein del av det store nettverket av historiske overnattingsstader på kysten.



Akvarell av det tette bygningsmiljøet i Engesund på 1800-talet.

Engesund er nemnd som tingstad alt i 1650. 11. januar det året sat sorenskriver, fut og seks lagrettemenn i tingstova der, med INGEBORG OLSDOTTER frå Bergen framfor seg. Ho vart dømd som heks og brend på Horneland i mai.

Gjestgjevarverksemda på kysten vart fastlagd i forordninga av 1648, og handelsverksemda skriv seg attende til same tida. Engesund var eitt av dei første kremmarseta utanfor byen. Fram til 1842 var det byborgarar som hadde hand om handelen, seinare tok bygdefolk over. Landhandelen vart lagd ned i 1973.

Det byprega «storahuset» vart bygt rundt 1840 av den eventyrlege seglskuteskipperen TOLLEV THOMSEN frå Tysnes. Attåt handelen dreiv han med den største sildenota i distriktet og var ein av dei mest driftige notbasane på kysten.

Dei blankskurte svaberga har vore tørkestaden for store mengder salta torsk opp gjennom åra. I høgsongen var det arbeid for 200 mann. Lyngbrenning gav beite for utegangarsau, torvspading gav varme i stova. På dei frodige bøane dyrka dei korn, og vatnet på øya traut aldri.

På tunet stod tett i tett med hus: eit stort sjøhus, lagerbu, løe, uthus, tingstove med gardsklokke på taket, farger, bakeri og bondestove. På sjøen har eigarane drive med hummar- og østersoppdrett. I dag er det lakseoppdrett som gjev attåtnering og arbeidsplassar. Berre hovudbygningen, eit sjøhus og nokre andre bygningar står att i dag. Engesund vart i mange år vore drive som sommarpensjonat og er i dag ein nydeleg stad å koma til. □



SMEDHOLMEN

Like ved leia frå Fitjar til Engesund ligg SMEDHOLMEN. Holmen har frå gammalt av vore kalla Kjeaholmen og har vore utmarksbeite for Vestbøstadvardane. Truleg vart holmen ryddja og bygd på 1600-talet. Brukaren var skyss-skaffar for Engesund skyss-stasjon. I 1745 er skaffaren nemnd: «Wed Engsund... Svend Kiholmen som niuder af hver Mand 4 skilling skaffertold». På Kjeaholmen busette det seg ein børsesmed, og smedtradisjonen vart ført vidare i fleire generasjonar. Dei hadde arbeid som smedar for Søndhordland Kompani, og dei vart gifte inn i kjøpmannsaristokratiet. Smia er rivne. Ho stod nede ved sjøen, nord for stovehuset. Men holmen vert enno kalla Smedholmen, etter smedane.

I dag er det Smedholmen Kyst- og naturlivsskule som leiger holmen av Miljøvern-departementet og Fitjar kommune; ein velorganisert leirskule med kystkultur og gamle bruksbåtar.